

Fra: Post [postmottak@gulen.kommune.no]
Sendt: 7. desember 2009 10:34
Til: Brekke barnehage og skule; Dalsøyra skule; Eivindvik skule;
komusikk@online.no; Byrknes barnehage og skule; Postmottak KD
Emne: _K222

Høyringsuttale - endringar i opplæringslova.

Saknummer: 09/1062
Løpenummer: 5521/09
Arkivkode: A20
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK
Gulen kommune

Saknummer	Utval	Møtedato
64/09	Formannskapet	26.11.2009

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA: LEKSEHJELP
M.M.

Formannskapet har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:
* postmottak@kd.dep.no
* Skulane (e-post)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:
Utsende vedlegg:
* Høyringsnotat om forslag til endringar i opplæringsloven og privatskoleloven

Saksutgreiing:
Bakgrunn.
Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag om følgjande endringar i opplæringslova:
* Innføre plikt for skoleeier til å tilby elever på 1.-4. årstrinn leksehjelp
* Innføre rett til skyss for funksjonshemmede til og fra skolefritidsordningen
* Innføre krav om politiattest ved tilsetting i musikk- og kulturskoler
* Endring i opplæringslovens § 13-7 sjette ledd (tekniske endringer)

Endringane er tenkt innført frå 01. august 2010.

Vurderingar.
Administrasjonen har ingen merknader til punkta 3 og 4.

Punkt 2 vil heller ikkje medføre vesentlege endringar for kommunane. Barn som treng eigen transport, får også i dag velje tidspunkt for skyssen. Etter ny regel må det setjast opp eigen skyss for nokre fleire. Det er fylkeskommunen som får meirkostnader med dette, vi skal framleis betale billettpris, slik vi gjer i dag.

Resten av saka omhandlar punkt 1.

Forslaget gir alle elevar på småskulesteget rett til gratis leksehjelp i 2 timar pr. veke, men det skal vere frivillig å delta. Tilbodet skal gjevast utanom skuletid. Det er ikkje foreslått rett til skyss etter leksehjelp-tida. Desse reglane er dei same som i dag gjeld for SFO, med unntak av at det nye tilbodet skal vere gratis.

Så lenge det ikkje er rett til skyss etter leksehjelpe, har vi følgjande dilemma:

- a) Skal vi tilby leksehjelpstimane innafor skulen si opningstid? Då vert i realiteten skuletida utvida for alle. Vi kan tilby gratis SFO for dei som treng skyss og som ikkje vil ta imot leksehjelp, men tilbodet blir ikkje frivillig for desse elevane.
- b) Skal vi tilby leksehjelp utanom skulen si opningstid? Då må foreldre sjølve hente/organisere henting for barna, og mange vil få praktiske problem med det. Erfaringane til no er at svært få av elevar som treng skyss, nyttar SFO. Mange vil hevde at retten til leksehjelp ikkje vert oppfylt med denne organiseringa.

I høyringsnotatet peikar departementet på at dei ser problemet, men overlet til kommunane/fylkeskommunane å finne løysingar.

Administrasjonen meiner dette er for uklårt. Skal tilbodet vere reelt, og samstundes frivillig, må det knytast til ein rett til skyss. Dette vil gi meirkostnad som ikkje er rekna med i forslaget, enten for kommunen eller for fylkeskommunen

Framlegg til vedtak:

Gulen kommune vil gi slik høyringsuttale til forslag om innføring av plikt for skoleeigar til å tilby elevar på 1.-4. årstrinn leksehjelp:

Elevar som har rett på skuleskyss, må få tilsvarende rett til skyss etter leksehjelptilbodet.

Fylkeskommunen bør ha ansvaret på lik linje med anna skuleskyss.

Det må givast økonomisk kompensasjon for fylkeskommunane sine meirkostnader.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 26.11.2009:

Nye framlegg:

Tillegg frå H v/Ivar Eide: Dersom privatskular vert pålagd nytt innhald i ordning, må dei få same tilskot som for offentleg skule.

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes godkjent.

Tillegg frå H vart vedteke mot 1 røyst (Brekken Oppedal, AP).

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå H v/Eide, vert godkjent.

Etter dette er vedtaket slik:

Gulen kommune vil gi slik høyringsuttale til forslag om innføring av plikt for skoleeigar til å tilby elevar på 1.-4. årstrinn leksehjelp:

Elevar som har rett på skuleskyss, må få tilsvarende rett til skyss etter leksehjelptilbodet.

Fylkeskommunen bør ha ansvaret på lik linje med anna skuleskyss.

Det må givast økonomisk kompensasjon for fylkeskommunane sine meirkostnader.

Dersom privatskular vert pålagd nytt innhald i ordning, må dei få same tilskot som for offentleg skule.